

# SPRÅKLIG SAMLING



Nr. 3 – 1975

JULI–SEPT.

16. ÅRGANG

UTGITT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

## Kom til LANDSMØTET 12. oktober!

– Også ope diskusjonsmøte –

Etter lovene våre skal vi ha landsmøte minst ein gong kvart andre år. Og det er nå to år sia vi sist hadde landsmøte, den 30. september 1973 i Oslo.

Vi innbyr med dette til landsmøte 12. oktober i Lektorenes Hus, Wergelandsveien 15, Oslo.

Møtet vil denne gong bli delt: Eit møte for lags-

saker kl. 1000, og eit ope møte om språksituasjonen kl. 13,00. På det opne møtet blir det ein panel-diskusjon der lektor Trygve Bull, professor Finn-Erik Vinje og dosent Alf Hellevik vil delta. Det blir også høve til å komme med korte innlegg frå salen.

## Vegen til Mosjøen

– Av Jakob Skauge –

Årsmøtet til Noregs Mållag, som vart haldi i Mosjøen, er nå slutt, og har vori kommentert i dei avisene som har interesse for saka, på begge sider av demarkasjonslina, som vi vel får kalle det, etter at Øverland og andre inngikk midlertidig fredsavtale for i fellesskap å kunne samle seg til angrep mot samnorsken.

Demarkasjonsline, ja. Kanskje er ordet avlegs nå, etter alle dei store orda som vart slengde raust ut i lufta på dette møtet. Bokmålet er nå «fienden»,

og nynorsken som han eksisterer i dag, skal bli «einaste riksmål i landet».

Dei som seier dette, meiner dei det? Ein kan jo aldri fullt vite kva andre folk i si innerste sjel meiner, men dersom eg skal våge meg ut i psykologien og dei historiske parallellane, vil eg få lov å peika på at vi har hatt mange liknande situasjonar: Når slaget er tapt, vil det hos dei gjenlevande kombattantane foregå ein eskapisme frå realitetane ut i dei store,

Over til side 4



Leif K. Roksund:

## Vær glad i talemålet!

Det har vært en gledelig økning i interessen og forståelsen for dialektene her i landet de siste få åra, og NB dialekter av alle slag, østnorske såvel som vestnorske, bydialekter såvel som bygdedialekter. Denne økende interessen er utvilsomt en av grunnene til den like økende bruk av såkalt radikale former som en lenge har kunnet iaktta i en rekke aviser og hos ikke så få diktere og forfattere, særlig da de unge. Ikke minst i skolestua merker norsklærerne endringa. De aller fleste elever bruker sin dialekt uhemmet i tale, og uviljen mot de radikale former i skrift er minimal mot hva den var for 15—20 år sia. Jeg trur det er galt å se dette først og fremst som et utslag av den generelle radikaliserings som samfunnet utvilsomt har gjennomgått. Det tør like mye være utslag av en våknende sjølbevissthet i de breie lag av folket.

Dialekt er naturligvis først og fremst et talespråk, som er et resultat av en lang og ubrutt utvikling fra utgangspunktet, in casu gammalnorsk. Derfor er det vanskelig å godta påstanden fra riksmålsfolk om at deres talespråk også er dialekt, slik man av og til kan høre. Riksmålsfolk bruker et talt skriftspråk, som naturligvis kan være rikt nok og variert nok og ha en mengde positive kvaliteter. Det avhenger jo av brukeren. Så også med dialektene. Men disse vil på en rekke punkter vike sterkt av fra skriftspråket.

Vi bør hugse at skriftspråket til å begynne med var forbeholdt en overklasse i et klassedelt samfunn, og at skriftspråket først de siste hundre år er blitt allemannseie — i større eller mindre grad. Vi bør og hugse at opplysning og kunnskap ofte har vært brukt til å holde underklasser nede, og til å markere forskjell fra og avstand til disse. Derfor har det vært en tendens hos overklassen til å tale det skrevne språk. Derfor er det vel også lett å forstå at folk som streber oppover, som gjerne vil heve seg opp på den imaginære rangstigen, ofte tar etter det talte skriftspråk og ser på dette som et mønster til etterfølgelse.

Samfunnet er vel ikke særlig klassedelt i dag. Likevel står mange språklige fordommer fra klassedelings tid ennå i full blomst. Vi kan stadig, særlig i byene, høre den stedlige dialekt kalt rampespråk. Fordi folk som *er* rampete — hva en nå enn legger i dette uttrykket — ofte snakker dialekt, blir også deres språkbruk sett på som et kriterium på ramp. Det er naturligvis rett nok at folk med liten utdanning oftest snakker dialekt, men de er vel ikke derfor ramp. Heller ikke burde økende skoling være noen grunn til at en bevisst skal endre sitt talespråk. Likevel skal vi ikke se lenge og langt rundt oss for

å oppdage at det blir gjort. Jeg har mange ganger undra meg over åssen folk som avanserer til høyere stillinger (og høyere inntekter!), også legger om sitt talespråk. De blir språklig konservative og forråder sitt dialektale opphav og dermed sin egen personlighet.

Det er lett å se at ei slik innstilling er tydeligst i et variert sosialt miljø, som f. eks. bymiljøet. Det er mye større språklig ensartethet i et homogent miljø, som et bygdemiljø der folk flest ennå er bønder og jambyrdige. De aksepterer lettere sitt opphav og sin dialekt. Men når bygdemiljøet blir urbanisert, blir også snart språkbruken ustø. Faktisk syns jeg vi kan koke det hele ned til et spørsmål om å akseptere seg sjøl og sitt eget opphav. Godtar du ikke din egen dialekt, så godtar du heller ikke deg sjøl! Det er derfor så gledelig å se den økende respekt for dialektene, også bydialektene. Som før sagt, en tør se dette som uttrykk for økende sjølrespekt og sjølbevissthet.

Tidligere har Halvor Dalene skrivi i dette bladet om porsgrunnsdialekten. Naturligvis ligger Skien og Porsgrunn så nær hverandre at det ikke er store forskjellene mellom dialektene i de to byene. Likevel trur jeg det kan ha interesse å se på visse hoveddrag i skiensdialekten, som gjør at jeg mener ungene i Skien heller burde lært nynorsknormalen enn bokmålsnormalen, og at iallfall de *radikale* formene i rettskrivinga bør være pedagogisk sjølsagte. (Det er for så vidt karakteristisk at en skienslærer som laga barnetime i radio for de små på praktisk talt rein skiensdialekt, blei kritisert av leiinga for barneavdelinga for å snakke mer nynorsk enn bokmål!)

Som alle andre norske dialekter unntatt bergensk har også skiensk tre kjønn i substantivbøyinga. I hovedtrekk følger bøyinga nynorsk mønster. (En får bære over med et sterkt forenkla lydssystem.)

Hankjønn: gutt — gutten — guttær — guttane. Slik går de aller fleste hankjønnsorda: ballær, drammær, hestær, portær osv. Denne endinga har også i stor utstrekning breidd seg til ord av andre stammer: benkær, leggær, veggær o.m.fl. Men enkelte slike ord har likevel bevart -er, -ene i pl. som i nynorsk. venner — vennene, gjester — gjestene, sønner — sønnene.

Også i hunkjønn følger hovedreglene i det vesentlige nynorsk mønster: gate — gata — gater — gatene, kjerring — kjerringa — kjerringær — kjerringane.

B.f. sg. på -a er gjennomført, i konkrete såvel som abstrakte, også nemninger for kvinnelige vesener og visse kroppsdelar, enkelte tidsuttrykk og

Over til side 6



## SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 10 kroner året  
Postgirokonto 1 63 78

Redaktør: Ivar Hundvin  
Peter Kolstads vei 15, 3000 DRAMMEN  
Tlf. (02) 83 64 80 / 82 28 39

## Ved landsmøte-tid

Dei to åra sia forrige landsmøte har vore ein heller rolig periode, lagsmessig sett. Vi har kvart år fått ut fire nummer av dette bladet (økonomien tillet ikkje meir), litteraturprisen er blitt delt ut ein gong, og vi er i ferd med det tredje småskriftet — studieheftet om språkhistoria — eit samandrag utarbeidd av Åse Solveig Næss med grunnlag i F. E. Vinjes *Et språk i utvikling* og *Norsk språk*. I Språkrådet har dei to medlemmene våre halde språksamlingstanken varm og gjort eit solid arbeid, heile tida i god kontakt med sentralstyret.

Laget er altså halde i hevd, og vi skal på landsmøte nå i oktober m.a. peike ut medlemmer til Norsk språkråd for ein ny fireårsperiode.

Men oppmodinga til medlemmene i fjor vår om å vere med på å auke medlemstallet har dessverre ikkje kasta mye av seg. Der må vi nå *alle* vere meir aktive. Kom i hug Vømmøl-strofen «dæ itj'no som kjæm tå seg sjøl»!

Og det *skulle* vere grunnlag for å auke medlems-tallet, og dermed få større tyngd i arbeidet, slik tilhøva nå er. For begge dei tradisjonelle språkkamp-organisasjonane knaker i samanføyningane, det høres både i avisinnlegg og på annen måte.

Det har vore spurt etter lagets «ideologi», etter vårt politiske fundament. Og vi har ikkje hatt anna å vise til enn formålsparagrafen i lovene. Eg veit heller ikkje om høgtflygande idear og «-ismer» vil gagne den saka vi strir for: eitt norsk. Vegen fram til dette målet må takast her på jorda, steg for steg. Marxist-leninisme, nasjonalisme, verdikonservatisme o.l. kan vere vel og bra i andre samanhengar. Men når det gjeld vegen fram mot *eitt norsk*, har eg som ei tru på talemålet, gramatikken og ordlista, så prosaisk det enn kan høres, og på kjennskap til vår spesielle språkhistorie.

Velkomne til landsmøtet! Ivar Hundvin

## SPENNANDE MØTE I NORSK

### SPRÅKRÅD

Norsk språkråd skal ha haustmøtet sitt på Blindern laurdag 11. oktober. Det er ting som tyder på at dette kan bli eit spennande møte for alle som

interesserer seg for norske rettskrivingsproblem.

Rettskrivingsutvalga for bokmål og nynorsk har hatt fleire møte i det siste og lagt siste hand på sine tilrådingar. Etter det vi hører, vil riksmålsrepresentantane i bokmålsutvalget legge fram si eiga innstilling.

Stort sett er det vel grunn til å rekne med status quo både på nynorsk og på bokmålssida, men det kan komme til å bli harde drøftingar.

Landslaget for språklig samling skal ha årsmøte i Oslo søndag 12.10. Alt skulle ligge godt til rette for ein perspektivrik og konstruktiv debatt på bakgrunn av hendingane i Språkrådet dagen før.

## REKNESKAP 1973-74

Inntekter:	1973	1974
Medlemspenger	kr. 6.555,—	Kr. 4.645,—
Gaver	« 2.734,85	« 2.482,80
Bladpenger	« 655,—	« 550,—
Annonser	« 450,—	« 650,—
Ymse	« 44,90	« 39,—
	Kr. 10.439,75	Kr. 8.366,80
Balanse fra forrige år	« 3.832,40	« 2.040,55
	Kr. 14.272,15	Kr. 10.407,35

Utgifter:	1973	1974
Bladet (trykking, frakt)	Kr. 9.250,40	Kr. 6.654,80
Porto	« 1.505,70	« 1.316,80
Materiell	« 260,50	« 729,30
Litteraturpris	« 520,—	« 995,—
Utgift landsmøte	« 685,—	« 0,—
Ymse	« 10,—	« 157,45
	Kr. 12.231,60	Kr. 9.853,35
Overført balanse	« 2.040,55	« 554,—
	Kr. 14.272,15	Kr. 10.407,35

Balanse pr. 31.12.1974:	
Postgirokonto	Kr. 303,—
Postsparebank	« 251,—
	Kr. 554,—

Tilskudd til småskrift, kr. 8.000,— er ikke tatt med i rekneskapen, men er satt inn på konto i Postsparebanken.



Vegen til . . . . .

uforpliktande, røyndomsfjerne orda. Ordeskapisme. Sterk verbal vengesus skal erstatte kjensla av min-kande makt.

Det er noe visst patetisk, men samtidig uhyggelig ved det. Nynorsk einaste riksmål i landet, enda dei ikkje greier å få dei nyriksnorskaste bøndene i lan-det, bøndene i Hordaland fylke, til å bruke nynorske etikettar på mjølkeprodukta sine. Dei ror rette leia med lite mannskap, seier dei. — Falsk bilde. Dei ror inga lei. Dei blir drivne tilbake av motvind. På meg virker denne ordeskapismen så uhyggelig, så direkte i motstrid med det moralske ansvaret som påkviler alle som bruker språk, at eg bare av den grunn må ta avstand frå «nynorsk som einaste riksmål i landet».

Kva gikk gale på vegen til Mosjøen? Kvifor vart ikkje nynorsken det landsomfattande kommunika-sjonsmidlet som Ivar Aasen i sine smålåtne, røyndomsnære draumar vona at det kunne bli? Bak-grunnen for denne skeive utviklinga er mangfoldig og mangslungen, og kan ikkje tas opp i heile si breidd i ein artikkel. Men noen viktige moment kan nemnes: Dei som ønskte å ta opp arven etter Ivar Aasen, hadde eit uvitskaplig syn på språket. Dei hadde enten eit (a) romantisk, eller (b) eit libe-ralistisk syn på språket, eller begge deler.

Det romantiske språksynet føreskriv at språket skal være «reint», kva nå dette må meine, for «reine» språk fins ikkje. Det «reine» språket hører til i eit idekompleks der ein også finn tanken om «folke-sjela», den «reine» rasen og andre fantasifoster. Fantasifoster som ein forresten ikkje skal le av, for dei kan føre med seg ein nasjonal snobbeskap som kan få alvorlige følgjer brukt av den rette mannen til rett tid i den rette nasjonen.

Ein typisk språknohb var Vinje. (Han var for-resten snobb på andre felt også, med si underdanige fjesking for den akademiske overklassen og sin forakt for folket, som i hans vokabular var «herkemugen».) Vil du få innsyn i det romantisk snobbete språk-synet, så les Vinjes epistel om domkyrkja i Nidaros i «Ferdaminni». Språket er til nedfalls, seier han, akkurat som kjerka. Men begge må bygges opp igjen med norsk «grjot». Han ser ikkje, eller vil ikkje sjå, at denne parallellføringa er falsk. Med denne artikkelen løfter Vinje seg opp etter håra, får ein vel seie — etter di han sjøl var runnen av svært folkelig rot — til norsknasjonal åndssnobb. Sam-stundes set han etiketten «undermenneske» på den vanlige norske mannen, på den nordmannen som er ekte norsk og som bruker det blandingspråket han har fått i arv av forfedrane.

Vinjes syn — elitesynet kan vi kalle det — er det synet som nokså uhindra har rådd grunnen i Noregs Mållag fram til vår tid, med noen få mellom-spel av meir folkelig karakter. Ideologisk er Riks-målsforbundet og Noregs Mållag forbundsfeller. Dei vil begge ha eit «godt» språk, og med det meiner dei eit ufolkelig språk, som eliten kan bruke til sta-

tussymbol. Det er bare det at Noregs Mållag må tape i denne konkurransen, for medlemmene har ikkje hatt nok av dei andre elementa som bygger opp status, først og fremst gammal, veletablert by-tradisjon med pengemakt i ryggen.

I praksis førte dette til at nynorsken vart puristisk, men uten evne til å overføre denne purismen i den konkrete røyndommen til den vanlige språkbrukaren. Den vanlige språkbrukaren hadde sin terminologi av blanda opphav, og den ville han halde på. — Einar Haugen skriv, i si historie om den norske språkstriden (Language Conflict and Language Plan-ning) at folk kan finne seg i ymse inngrep i språket. Inngrep i staving og bøyning tar dei ofte med ro, men inngrep i terminologien, det at dei ikkje får lov å bruke dei tilvante orda, da reiser dei bust.

Og det var nettopp slike inngrep nynorskfolket dreiv så hardt på. — Det er ikkje lenge sia ordet «begynne» blei tillati, og det dødfødde «byrje» måtte gå i grava, der det burde ha haldi seg heile tida. Denne purismen sette bom for veksten av det som Noregs Mållag kalla «nynorsk». Det tragiske er vidare at purismen skadde framveksten av det eg vil kalle nynorsk, folket sitt eige mål.

Skadelig og forvirrende var også den liberalistiske ideen om språket som ein levande organisme. (I min bruk av termene «romantikk» og «liberalisme» held eg meg her til Otto Jespersen: On Language).

Den romantiske og den liberalistiske språkideen er i grunnen motsetningar, men det hjelpte ikkje. Når det slik høvde, blei ideen om språket som fri organisme graven fram for å støtte opp under ro-mantiske manipulasjonar med språket.

Vi må også som snarast ta for oss dei personane som i første rekke styrte utviklinga, dei som sat i dei bestemmande komiteane, gav ut ordlister, var konsulenter for departementet etc. Det var stort sett elitemenneske, og det er ingen ting å seie på det, i og for seg. Men ein har stundom også ei kjensle av at dei hadde elitemennesket si spesielle svakheit: Dei vanta skjønn for den tingen at vanlige folk ikkje hadde så lett for det som dei sjølve. Hadde det vori tilfellet, ville heile folket snart ha lært seg til å seie «byrja», «gjalda», (betale), «åbrjuskap» (sjalusi) osv. Men der misrekna dei seg, og det vart ei misrekning som kom den ekte nynorsken dyrt å stå.

Resultatet ser vi nå. Det heiter så vakkert at ny-norsken er ein god og tenleg reiskap for tanken. Det er rett nok, men med den nærmast drepande modifikasjonen at utsagnet er riktig bare for dei som har ordet og boka til reiskap og arbeidsfelt. Dei kan nok lære seg ein god nynorsk, for det er deira metier. Nynorsk skrift ser vi derfor i dag bare i noe skjønnlitteratur, og dessutan i litt av den hu-manistiske faglitteraturen. Rundt desse beskjedne beitemarkene står det høge og sterke gjerde som ny-norsken ikkje greier å forsere. Og i skolen, som skal førebu dei unge til innsats i kultur og arbeids-liv, går nynorsken katastrofalt tilbake.



Kva vil det seie at nynorsken har framgang? Konkret og reelt kan det bare bety at vanlige folk bruker denne språkforma, godtar den som si eiga, i sitt daglige virke. Dei nynorske leiarane ser ikkje ut til å ha hatt dette klart for seg. Dei trudde at det viktigaste måtte vere å storme parnasset, å erobre seg støe innafor finkulturen. Da ville, som med himlenes rike, alt annet komme i tillegg.

Himlenes rike kom til ein viss grad. Dei fekk eit par gode tidsskrift, og dei har eit teater av klasse, Det Norske Teatret i Oslo. Men det som kom i tillegg, kan skrivast med det rundaste av alle tal. Dei nynorske støa i fiendeland vart støe som fienden bare kringgikk, ja, som han gikk på besøk i, til og med vart glad i. Men uten å la seg overvinne. Oslofolks evne til å nyte språket på Det Norske Teatret er like stor som deira evne til ikkje å la seg påvirke av dette språket. Under Oklahomarusen for over tjue år sia gikk alle småjenter i Oslo og Bærum rundt og gnåla om at «heile buskapan står no og drøymmer», (somme song til og med «budskapan»). Ingen av dei let seg av den grunn påvirke til å ta nynorsk til sitt personlege bruksmål.

Innafor finkulturen har nynorsken fått meir og meir preg av å vere eit slag norsk «kjerkeslavisk». Den har fått seg tilvist sin samfunnsbås, blir brukt til bestemte rituelle formål, og blir respektert så lenge den held seg innafor denne båsen. Det er vel og bra, men det har ingen ting å gjøre med målsak.

Nå er det lett å vere etterpåklok, som eg har vori her. Og det er lett å kritisere og harsellere. Men det er ikkje lett å vere leiande tillitsmann i mål-rørsla i dag. Hos mange av dei vil nok soga om Egil skallagrimson renne i hugen: «Leitt er valet, liv eller daude», seier han. For meg ser det ut til å ligge føre eit val mellom tre framgangsvegar.

1) Nynorsk einaste riksmål i landet. Eit ideelt mål, og ei sak som ein kan stå eller falle på, men totalt uten realitetsverdi. Som Hitlers Ardenner-offensiv jula 1944.

2) Nynorsk i si nåverande form for ein liten del av landet. Dette standpunktet er kanskje praktisk, men defaitistisk og lite inspirerande. Eg seier «kanskje», for eg er ikkje sikker på om det er praktisk heller. Nynorsken må da basere seg på tilværet i ein enklave. Men ein enklave vil, viss den ikkje er økonomisk overlegen eller andre forhold sett den i stand til å verje grensene sine, med tida bli inn-snevra og til slutt gløypst av storsamfunnet.

3) Å slå inn på ei samnorsk line. Men det har også sine vanskar. Ein vil miste noe av den harde, trufaste kjernen av medlemmer, dei som i grunnen held målsaka gåande. Ein må bryte språkfreden med riksmålsfolket (kor mye har forresten denne freden vori verdt?) og risikere å få slengt i seg at ein «klusser med andre folks sprog». Dessuten er det truleg for seint å slå inn på ein slik veg nå. Nei, det er ikkje greit. «Leitt er valet, —.»

Men vi får nok eit samnorsk språk til slutt. Spørsmålet er korleis det vil sjå ut, og den saka vil

## GÅVER

J. Valved 30,—, R. Aavik 30,—, G. Kvendbø 30,—, I. Grotnæss 50,—, S. Kveim 10,—, H. Omdal 10,—, G. Jemshus 60,—, O. Skaug 10,—, V. Guldal 10,—, R. Lindahl 10,—, E. Lundebø 30,—, O. Ramse 10,—, R. Mindrebø 10,—, O. Kylesø 10,—, L. Berseth 10,—, J. Skauge 20,—, E. Sundli 20,—, S. Øye 10,—, T. Sørli 30,—, B. Øverås 35,—, A. Aas Holm 40,—, E. Vold 20,—, I. og K. Dale 25,—, I. Holm 20,—, E. Olsen 10,—, E. Sørli 60,—, I. Raknem 10,—, O. Vikan 10,—, P. Ekker 20,—, L. Egerdal 40,—, R. Stenersen 80,—, J. Risdal 20,—, A. E. Oldem 100,—, N. Sagen 10,—, L. Groven 50,—, L. Sødal 80,—, B. Gripsrud 20,—, P. Engum 20,—, R. Seweriin 70,—, E. og O. Byrkjeland 25,—, A. Ørsdal 45,—, B. Hestetun 20,—, B. H. Hansen 5,—, I. Tjønn 10,—, H. Dalene 100,—, J. R. Andersen 10,—, I. Polden 10,—, O. Eggen 30,—, T. Moen 30,—, O. Thesen 50,—, H. Haldal 30,—, N. Galdal 10,—, A. Nesland 20,—, E. Myklebust 40,—, M. Tveiten 20,—, Th. Wiersen 30,—, E. Rosendahl 20,—, J. O. Hanssen 80,—, R. Thorsen 20,—, A. Kvendbø 10,—, R. Berli 30,—, M. Rekeland 15,—, G. Stensvand 15,—, J. Vidar 20,—, A. Smørgrav 30,—, E. Hofset 15,—, G. Espeland 10,—, O. Guttu 30,—, H. Nygard 10,—, O. Dalgard 30,—, O. Skaug 10,—, I. og P. Bakken 100,—, L. K. Rok-sund 10,—.

**OBS! Vi treng ekstra tilskott i samband med landsmøtet!**

Girokonto 16378

Kassereren

## ARISTOKRATISKE OVERTONAR

Om dei objektive tilhøva låg til rette for det, trur vi nok at eit klart fleirtal ville gå over til nynorsken. Men den gruppa som — ikkje utan grunnlag — ville kjenne seg betre heime i bokmålet, meir eller mindre radikalt, ville nok ikkje berre vere ei lita overklasse. Ho ville innehalde menneske frå alle lag av folket, kor stor ho ville vere, veit ingen — dette ordskiftet gjeld jo framtida — men vi er overtydd om at ho iallfall ville vere så stor at parolen «nynorsk einaste riksmål i Noreg» ville vere identisk med eit grovt over-grep, om han vart til ein realitet.

«MÅLLAGET har latt seg beruse av den grønne bølge», skriv Morgenbladet. Ein rus kan sikkert vere styrkande. Men det er enno langt fram, og lengre blir det om ein fjernar seg frå det folket ein skal tene og glir inn i ein meir eller mindre religiøs sektarisme. Vi synest at vi i dag merkar tendensar til ein strid i folkemålets namn med så aristokratiske overtonar at ein må til riksmålsbevegelsen for å finne maken.

(Redaktør Tor Gabrielsen i Dag og Tid)

trulig ikkje i nemnande grad bli påvirka av Noregs Mållag. Den unge, oppveksande slekta, dei som er villig til å bruke vettet, og som ser på målsak og sprogsag som noe passé, det er dei som kjem til å avgjøre den saka.



Vær glad i . . . . .

litterære ord, som etter læreboknormalen av 59 kan ha valgfritt -a eller -en: boka, dyna, hytta, skjorta, lufta, lukta; kona mora, dattera, søstera; panna, haka, tunga, levera; tida, natta, uka, jula, påska.

I pl .er -ær, -ane, gjennomført også i ord som fjæl, flis, myr, reim, øy, og i ord som får omyd i pl.: bok, hand, tann.

Intetkjønn har gjennomført pl. på -er, ene i alle ord på -e: epler — eplene, støkker — støkkene; men denne pl. endinga er også rett vanlig i border, glasser, huser, toger osv. Likevel er vel det vanligste mønsteret ennå egg — egget — egg — egga, fjell — fjellet — fjell — fjella osv.

Alle verb har gjennomført infinitiv på -e, bortsett da fra de som ender på rotvokalen: hoppe, danse, komme, ete, leve, sove. Og i pres. pts. er endinga -ande: hoppande, springande, syngande.

De aller, aller fleste svake verb er a-verb med bøyingsmønsteret kaste — kastær — kasta — kasta. Så sterkt står disse a-verba at mange andre verb er blitt dradd over: lage (og lave!) lede, skade, treske, ønske.

Sterke verb mangler i-omlyd i presens, og en del er blitt svake, som bære — bærte — bært, skjære — skjærte — skjært, fare — farte — fart, dels også sleppe — sleppte — sleppt. Men stort sett har systemvangen holdt seg godt, med en meget utstrakt bruk av i-supinum: skrive — skreiv — skrivi, skyte — skøyt — skyti, dette — datt — dotti el. detti, stikke — stakk — stokki el. stikki. Delvis får altså pret. pts. samme rotvokalen som inf. (skyti, detti), men stort sett er det ikke så lite vakling på dette felt.

Også i den aller helligste ordgruppa, pronomenene, er det heller mye vakling, særlig i 3. p. sg. og i pl. *Han* er nokså gjennomført i trykksterk stilling, men 'n i trykksvak akk. og dat. En eldre form som hannom og i gen hannoms(es) er sjeldnere å høre i dag; den forekommer vel i det hele ikke blant de unge. Men *ham* er så avgjort en talt skriftspråksform.

Likeså er *hu* temmelig enerådende i trykksterk nominativ, men kan også høres i akk. og dat., som likevel oftest har hennær i trykksterk og 'a i trykksvak stilling. Gen. lyder hennærs.

I 3. p. pl. er di dem begge mye brukt i nom., akk .og dat., sjeldnere demme. Derimot er gen. demmes svært vanlig.

Av eiendomspron. er mi, di, si, gjennomført ved alle hunkjønnsord, både konkrete og abstrakte, og uten omsyn til plassering foran eller bak substantivet. Av spørrende pron. står *vekken* — *vekka* — *vekke* framleis sterkt, sjøl om *vemm* har overtatt i stor grad i alle kjønn. Videre er *åssen* og *åffer* enerådende i dagligtalen.

Gradbøying av adjektiv og adverb skjer ved endingene -ære, -ast: fin — finære — finast. Likeså er ub. hunkjønnsart. *e* gjennomført ved alle sub-

stantiv av dette kjønn: e bok, e sol, e gate, e drekking, e avis, e påske osv. Også hankj. og intetkj. har monoftong: en — et.

Hva lydverket angår, står diftongene relativt sterkt. *ei*: bein (s og adj) rein (s og adj) stein, reim, reip, heit, skeiv osv. Også i pret. av gruppa skrive brukes dift.: blei, dreiv, reiv, skreiv, sleit. Bare noen få ord er vanlige med monoftong: hete (v), hjem, lek og leke, men likevel i tiurleik.

*au*: Diftongen au er derimot forenkla i ganske stor grad: drøm, gjøk, høst, løv. Men en skal ikke langt ut fra bykjernen før forma lauv brukes. Ekspressivt brukes ennå mye diftong: graut, blaut, raud.

*øy*: Derimot står øy sterkt igjen: røyk, røyke, brøyte, øy, røyte, føyke, vårbloyte, å nøyte sæ, være nøyt te.

I vokalverket rår *a* grunnen fullstendig i band, hand, kald, hard, trassig, ovafor ,utafor osv. Likeså *o* i dogg, dokke, golv, hogg, knopp (men knupp i rosende betydning), mold, molte, vogge. *U* er enerådende i ku, bru, tru, mens bo for lengst har slått ut bu. Snø, trøtt og trøttans er også naturlige dialektformer, og trøtt ikke bare i den moderne slangbetydningen kjedelig. Svært vanlig er også former som ljuge, sjuk, tjuv, mjæl, mjælk, fjæl, fjær, sjæl.

— — —

En trenger ikke være særlig skolert for å se av denne lille orienteringa om skiensmålet at jeg bare har villet gi en aldri så liten peikepinn på somme fellesdrag mellom skiensk og andre nynorske dialekter. Ei fullstendig utgreiing om skiensmålet får heller bli oppgave for et systematisk studium i en annen sammenheng. Det tør likevel være innlysende at dagligtalen hos skiensfolk ikke bare har tilfeldige likheter med nynorsk ellers, men er et resultat av det felles utgangspunkt i gammalnorsken. Dette er da også sjølsagt for enhver som har en minimal innsikt i språkutviklinga her i landet. Derfor er det binngærnt å snakke om slurv i forbindelse med dialektbruken. Slurver først og fremst usystematisk. I dialektens form- og bøyingsverk er vi i høy grad under systemtvang.

Som alle andre dialekter har også skiensmålet en vrimmel av ord og uttrykk som sjelden eller aldri får plass i ei ordliste, men som viser at talespråket har et *mye* rikere ordvalg enn skriftspråket. Det har liten hensikt her å gi prøver på slikt, de vil så likevel bli tilfeldig valte og bare være en forsvinnende liten del. Men det er viktig å se at talemålet i alle sine dialektformer er ei rik kjelde å øse av for skriftspråket. Kunne en bare få folk til å innse det! Jeg pleier gjerne overfor elevene mine å sammenligne dialektene med alle sideelver og bekker som samler vann til hovedelva. Steng av bielvene, så tørker hovedelva ut.

Banalt? Javisst. Men det er mer banalt å høre dialektene karakterisert som slurv! Derfor ber jeg for dialektenes talemål. La oss synge hver med vårt nebb.



# Lektor Trygve Bulls forslag til Språkrådet

Lektor Trygve Bull har sendt Norsk språkråd følgende forslag. Det vil sannsynligvis bli behandlet på møtet 11. oktober. Vi gjengir forslaget med Bulls samtykke.

## Sterkt partisipp nøytrum („supinum”) med vokalisk utgang i bokmål

I «radikale» leseboktekster på «bokmål», der fortidsformer på *-a* er systematisk gjennomført, kommer den tradisjonelle sterke partisipp-form på *-et* lett til å føles som stilbrudd. Den utlydenden konsonant har jo ved oppløsning nesten alltid blitt uttalt, samtidig som ingen dialekter, verken på land eller i by, kjenner former med en slik uttalt dental — den kjennes kun fra «normal-talemål» («talt riksmål»). Dessuten er endevokalen i de fleste østlandske folkemål — som de «radikale» tekster fortrinnsvis støtter seg til — ikke *-e*, men *-i*.

De forskjellige innstillinger om rettskrivnings-spørsmålet har da også gjentagne ganger vært inne på spørsmålet om å tillate en sterk partisipp-form på *-i* (evt. også på *-e*) også i «bokmålet». Men hver gang er spørsmålet blitt utskutt på grunn av vanskelighetene med rotvokalen, som jo varierer fra dialektområde til dialektområde.

Undertegnede vil foreslå at problemet nå søkes løst ved at der til bruk i «radikale» tekster — evt. også som tillatt form for elevene i deres skriftlige arbeider — settes opp to alternativer i tillegg til læreboknormalens, den ene med samme rotvokal som infinitivens — i samsvar med systemet i Oslo folkemål og andre «vikske» må —, den andre med samme vokal som i nynorsknormalen — den siste form bør da også kunne ha utgang på *-e*, slik som i nynorsk. Det måtte i tilfelle ikke stilles altfor strenge krav til konsekvens dersom elever — eller for den saks skyld tekstforfattere — i en og samme tekst noen gang fulgte det ene og noen gang det andre av de her nevnte systemer, heller ikke burde det gis feil for elever som valgte å bruke den «opplandske» rotvokal *ø* i en del av formene, denne siste form har jo fått en viss litterær hevd bl. a. gjennom Alf Prøysens diktning.

I hovedsaken ville en da få et system som vist nedenfor. Jeg anfører for hvert verbum først *å*-verboformene i vanlig «moderat bokmål», dernest formene i vanlig nynorsk, og endelig de «vikske» former. — Sideformer er holdt utenfor.

**Klasse I:** Norrøn vokalveksling: *í - ei - i - i*  
M.bm.: drive — drev — drevet, bite — bet — bitt  
Nyn.: drive — dreiv — drive, bite — beit — bite  
R.bm.: drive — dreiv — drivi, bite — beit — biti.

**Klasse II:** Norrøn vokalveksling: *jú/jó - au - u - o*  
M.bm.: bryte — brót — brutt, fly(ge) — fløy — fløyet, by(de) — bød — budt  
Nyn.: bryte — braut — brote, flyge — flaug — floge, by(de) — baud — bode  
R.bm.: bryte — brøyt — bryti, fly(ge) — fløy — flygi (flydd), by — bydde — bydd.

**Klasse III:** Norrøn vokalveksling: *e/i/ø - a - u - o/u*  
M.bm.: brenne — brant — brent, finne fant — funnet  
Nyn.: brenne — brann — brunne, finne — fann — funne  
R.bm.: brenne — brant — brent, finne — fant — finni  
M.bm.: dette — datt — dettet, synge — sang — sunget  
Nyn.: dette — datt — dotte, synge — song — sunge  
R.bm.: dette — datt — detti, synge — sang — syngi.

**Klasse IV:** Norrøn vokalveksling: *e - a - á - o*  
M.bm.: bære — bar — båret  
Nyn.: bere — bar — bore  
R.bm.: bæra — bærite — bært.

**Klasse V:** Norrøn vokalveksling: *e/i/o - a/o - á - e/i/o*  
M.bm.: lese — leste — lest, sitte — satt — sittet, komme — kom — kommet  
Nyn.: lesa — las — lese, sitja — sat — sete, kom(m)a — kom — kom(m)e  
R.bm.: lesa — leste — lest, sitta — satt — sitti, komma — kom — kommi

**Klasse VI:** Norrøn vokalveksling: *a - ó - o - a*  
M.bm.: fare — fór — fart, ta — tok — tatt  
Nyn.: fara — fór — fare, ta(ka) — tok — teke  
R.bm.: fara — farte — fart, ta — tok — tatt.

**Klasse VII:** Redupliserende verber.  
M.bm.: gråte — gråt — grått, hogge — hogg, hogde — hogd, gå — gikk — gått  
Nyn.: gråte — grét — gråte, hogge — hogg — hogge, gå — gjekk — gått  
R.bm.: gråte — gråt — gråti, hogge — hogg — hoggi, gå — gikk — gått.



Ola Breivegen:

## Kan vi bli samde om eit felles skriftspråk i ei ikkje altfor fjern framtid?

For nitten år sia skreiv eg ein artikkel med denne overskrifta i eit større bokmålsblad her i landet. Det fekk god plass. Men det kom ikkje ein einaste reaksjon på det frå noen kant.

Sia ungdomen no prøver å få til ein velvillig debatt kring dette emnet, tenkte eg det kunne vere tid å ta fram att denne gramatikkskissa mi. Kanskje kunne det eg har arbeidd med i snart 40 år, komme til nytte i den diskusjonen som no truleg kjem til å gå i Dag og Tid framover. Og la meg først fortelle at i min yngste ungdom var er irritert over slike som Koth og Olav Duun som skreiv mye ledigare enn skriftnormalen den gongen. Men det gjekk ikkje lenge, så såg eg at slike var morgofugler i norsk målreising og var heilt på line med Ivar Aasen og A. O. Vinje. Og eg fann snart ut at skulle vi nå målet, måtte vi gå stendig lenger og alltid lye etter koss talemålet utvikla seg. Men samstundes må det vere klart med så mange dialekter som vi har i vårt grisgrendte land, kan vi ikkje i eitt og alt skrive dialekta vår heilt ut. Vi må prøve å finne ein samnemnar for dialektene i skriftnormalen. Og dersom ein skal bygge på norsk grammatikk og syntaks, melder det seg spørsmålet: Kor langt kan vi gå møte med bymåla her i landet, utan at det blir stilbrot? Dette har eg arbeidd med i mange år. Og eg har kome fram til ei skisse til grammatikk som ser slik ut:

Alle substantiv som ikkje har samandraging i fleirtal, får fleirtalsending på -er og -ene. Unntatt er sterke inkjekjønnsord.

Ein gard — garden — gardene.

Ein hage — hagen — hager — hagene.

Ei jente — jenta — jenter — jentene.

Eit belte — beltet — belter — beltene.

Eit auge — auget — auger — augene.

Men sterke inkjekjønnsord må bøyes som no på nynorsk. Det er au langt på veg gokjent i bokmålet.

Eit år — året — år — åra.

Eit brev — brevet — brev — breva.

Når det gjeld substantiv med samandraging i fleirtal som td arbeider, lærar osv. kan ein bøye desse som i bokmålet i dag:

Arbeider — arbeideren — arbeidere — arbeiderne.

Når det gjeld adjektiv trur eg dei må bøyes som no på nynorsk:

Underleg, gledeleg osv.

Adjektiv som ... brandet, krocket, stripet osv. ending -et og -ete.

I adjektiv som .. vakse, bunde osv. vil eg foreslå å foreinkle bøyinga: Ein vakse kar — ei vakse kvinne — eit vakse dyr. Altså likt i alle tre kjønn. Men vaksne i fleirtal sjølsagt.

Personlege pronomen bør vere som på nynorsk no med unntak av eige-form tredjeperson hokjønn. Det bør heite .. hennes - td. far hennes. Fleirtal meiner eg vi kan bøye slik:

Subjektform: Vi — de — de (eller dei)-

Objektform: oss — døkk — dem

Eigeform: deres — deres.

Når det gjeld det ubundne pronomen kan ein gjerne skrive det ein ønsker, utan å få stilbrot td. noen for nokon.

Verb: Infinitivending på — e som kaste, hoppe, springe, vere osv. Presens partisipp ville eg helst sjå fekk endinga -ande, men eg kan og gå med på -ende: dansande, levande, syngande. Dansende, levende, syngende.

Alle linne verb må få presensending på -er. Det gjer

grammatikken mye lettare og er heilt i samsvar med talemålet for dei fleste her i landet.

Når det gjeld halvsterke verb er no tida inne til å sløyfe j-en i infinitiv: kreve, selle, spørre, smøre, venne, temme, stønne, dønnne, sette, rydde, telle, skille. Eit ord som velje kan vi godt skrive velge.

Sterke verb må vi bøye som no på nynorsk. Vi berre sløyfer den j-en vi har dreges med så lenge, men som ikkje va ri gamal norsk. For etter både norsk og svensk uttale skal g og k vere muljert før linn konsonant og diftong.

Å synge — sung — sang (song) — sunge.

Å slenke — sleng — slang (slong) — slunge.

Å søkke — søkk — sokk — sokke.

Å sjå — ser — såg — sett.

Å skine — skin — skein — skine.

Å bli — blir — vart — vorte (eller blei — blitt).

Eg kjenner ikkje noe språk som har ei så klangfull og stutt bøying som norsk i sterke verb.

Når det gjeld refleksive former for verb, bøyer vi dem i samsvar med e-endinga i infinitiven: Finnes, fins, fans finnes.

Når det gjeld perfektum partisipp må vi bøye dem stort sett som på nynorsk no med unntak av n-endinga i hankjønn og hokjønn eintal (sjå adj.). Ei bunde ku, ein bunde stut.

Dette er i stutte trekk ein grammatikk som det skulle gå an å bli samnd om. For eg har gjort ei mengd språkprøver etter denne. Og det er ingen fare for stilbrot. Ordvalget er og bokmålsfolk, iallefall dei med stilsans, samde om bør vere så norsk som muleg. Det er likevel klart at dei som er oppskula i bymålet, vil få ein god del arbeid med det i førstninga. Og her kan vi vere svært romslege for å sjå kva slags ord som kan vinne seg plass i moderne norsk. Vi må alle, anten vi hører til i bygd, eller by, prøve å finne fram til ein riksnormal som ligg så nær opp til talemålet som muleg og sameine dei to skriftspråka vi no har.

Eg skal no komme med noen språkprøver på kjende norske diktere i denne språdrakt:

Frå tiurleik på Holleia:

«Ein kunne like godt skyte på ein stein», sa Per med den fullaste overtydings(bevisning) avgjerande tone. «Eg kom innpå ein gang», vart han ved, «han heldt leik på flatberga der borte ved kloppa, rett, midt i veggen som går til Skaug. Og sat der ikkje så fullt av røyer om han at eg talte sju stykker. Og fleire var det i skogen. For det snøvla og prata bak kvar busk. Og dei som var framme, rende rundt ikring han og strekte hals, huka på seg og gjorde seg så lekke. Men fuglen sat på svaberget og briska seg så kjøn og spansk som ein greve. Rett som det var sette han styven opp og slo hjul, vende på seg og sopte vengene nedved beina og hoppa ende til vers så høgt han kunne.»

Frå «draugen» av Jonas Lie:

«På Kvalholmen i Helgeland budde ein fattig fisker som heitte Elias med kona si, Karen, som før hadde tent hos presten på Alstadhaug. Dei hadde fått seg opp ei hytte der. Og han gjorde no Lofotfiske på dagsror.

På den einsame Kvalholmen var det nok ikkje fritt for at det spøkte. Når mannen var borte, hørte kona mangeslags uhyggelege skrik og larm, som ikkje kunne vere av det gode. Ein dag ho var oppe på holmen og slo gras til vinterfor til eit par sauer dei åtte, hørte ho så tydeleg at det snakka nedunder berget i fjøra. Men ho torde ikkje sjå etter.»



Frå «Jæren» av Garborg:

«Utafor i vest bryt havet på mot ei sju miler lang, låg sandstrand. Det er sjøve havet. Nordhavet breitt og fritt, ukloyvt og utøymt, endelaust .Svartgrønt og salt kjem det i veldig rulling veltande inn or dei vestlege himler, drive frå nordisen og kanalen, kjørande sine fakskvite brimhester fram or havskodda så skumskavlen står, durande sin djupe ævheims orgeltone frå dei ytste avgrunner. Så stuper det seg mot stranda og krasar seg sund i kvit foss med dunk og døn, døvande bort i døyvd dunder.»

Frå «På fesjå» av A. O. Vinje:

«Eit reinduka bord med diskur og glas og vinflasker og oppsettinger, og alt glimande blankt, er eit av dei fagraaste syn du skal sjå. Men ikkje eingang om det talar vi og syng med fullt alvor. Det heng ihop med maten, må vite. Og den blir skote for tankens glugg. Eg kom ein gang til eit slikt fesjå, der dagsavisa var i ein slags salmestil, og amtmannen la ut i ein prestetone om vår armod og det gamle slarv og den store tanken i dette nyare matstrev. Eg drog meg derifrå og heldt meg borte med buskapen for å kome i betre selskap. Men vi er alle nøydd til å gjere mangt som vi ikkje liker. Det er vårt kall i livet. Og det må ingen svikte før han får noe anna, om han så er aldri så ulykkeleg. Det gjeld difor at vi finn den tråd som blir vårt yrke til tanken, ideen. For det er ein slik tråd, om det så er den ringaste gjerning.»

Frå «Faren» av Bjørnson:

«Fjorten dager etter den dagen rodde far og son i stilt ver over vatnet til Storlia for å samtale om brylluppet. «Den tilja ligg ikkje støtt under meg», sa sonen, og reiste seg for å legge ho til rette. I det same glir den tilja han står på. Han slår ut med armene, gir et skrik og fell i vatnet. «Ta i åra!» ropte faren. Han reiste seg og stakk den ut til han. Men da sonen hadde gjort eit par tak, stivner han. «Vent litt!» ropte faren, han rodde til. Da velter sonen bakover, ser langt på faren og søkk.»

La oss så ta eit lite døme på bunde stil, enda det ikkje er vanleg å forandre på den, men berre for å sjå om det blir stilbrot:

Frå «Vinternatt» av Aukrust:

«Norrøne Nivlheimer,  
nifs, hjelmkalde fjell  
ris over manneheimer.  
Månen blekner på svell.  
Han eig ikkje rømde aleine.  
Stjernene, blikter og skin.  
Tindene, blånande reine  
stig opp i kvitt hermelin.»

Eg trur ikkje det trongs noen tvang, når det gjeld ordvalg, dersom vi kunne bli samde om å bygge på vårt eige, på norsk grammatikk. Det ville komme av seg sjøl, bli slipt og forma så det høvde inn i stilen. Det viktigaste i første omgang er å bli samde om ei plattform for den norske samlingstanken.

Elles vil eg ha sagt at når det gjeld stavemåten i ymse ord, bør vi gjere den noe greiare. Vi har mange stumme konsonanter, som mange har slite hart med. Her kan vi lage ein grei regel:

Vi bruker aldri tre konsonanter etter kvarandre, utan når det er fare for mistyding. Døme: Hard stein, hardt fjell, rund bolle, rundt fat. Snill kjerring, snilt barn. Dette er elles i samsvar med skrivemåten i både svensk og gamalnorsk. Men denne skrivemåten er enno ikkje heilt knesett anten i nynorsk eller bokmål.

Når vi tenker på at Stortinget for over hundre år sia, det som da var *dansk skrivande* og *dansk talande*, løyvde penger til det storverket Ivar Aasen gjorde med å samle norske ord til si ordbok, må det vere ei stygg skam at vi så langt tid etter ikkje er komne så langt at vi har eitt skriftspråk i Norge.

Vi bør la dumskap, fåkunne og narreskap vike

## UKLOKT og UTOPISK

Noregs Mållag har sidan skipinga nedlagt eit stort arbeid for å fremja det nynorske språket. Arbeidet dei siste åra for å skapa vordnad for dialektane har mykje for seg. Men no er pendlen i ferd med å svinga. Framlegget til nytt prinsippprogram for Noregs Mållag er både uklokt og utopisk. Det er lite fornøyt i å oversjå dei siste hundre års språk- og samfunnsutvikling her i landet, og prosedere på at situasjonen skal verta som før unionen med Danmark. Vi har to språk her i landet og dei er likeverdige. Hovudsaka no er å verna desse mot forflating og ukritisk inntak av framande ord, og gjera dei til presise og nyanserte bruksspråk.

Mållaget bør vakta seg vel for å verta leia på villspor av marxistiske teoretikarar som har forlese seg på historie, og som oppkonstruerer motsetningar som ikkje eksisterer. Det vil svekkja organisasjonen både hjå styresmaktene og andre som er opptekne av språkutviklinga her i landet.

(Frå leiar i BT.)

## Eit folkeleg skriftspråk

Sjøl om det nynorske språksystemet utgjer ein samnemnar for dei norske dialektane og nynorsken er prega av ein folkeleg målbruk, står ikkje nynorsken fiks ferdig som norsk riksmål. Ordtilfanget er merkt av at nynorsken har vore mest brukt på Vestlandet. Austnorsk kan finne sin pass, men det krevst språklig nybroyting før det kan skje. Nynorsknormalen i dag vil til ei viss grad vere ei tvangstroye for t.d. Oslofolk.

Det strategiske hovudmålet vårt må vere eitt norsk skriftspråk som er bygd på dei folkelege målføri i bygd og by. Nynorsken er utgangspunkt for arbeidet vårt. Vegen til eitt norsk skriftspråk må vere å utvikle nynorsken slik at den kjem i endå større samsvar med alle dei folkelege målføri.

Nokre folk går inn for å stille parolen om nynorsk som einaste riksmål i landet. Denne parolen er berre klargjerande om ein samstundes seier frå at ein vil ha ein nynorsk som er meir open for målføri enn nynorsknormalen i dag. Utan ei slik klargjering tener denne parolen berre til å så tvil om Noregs Mållag fullt ut står på eit folkemålsgrunnlag.

Føremålet med målodling må fyrst og fremst vere at folk skal lære å skrive å tale enkelt og forståeleg. Målodlingi må rette seg mot «departementsspråk» og andre uting som gjer målet uskjøneleg for folk flest. Den dreier seg ikkje om å luke ut ord av unorsk opphav e.l. når desse har rot i målføri. Sjølsagt kan me finne gode norske ord som er for lite nytta. Men desse har sin rett når dei tener til å gjere språket folkeleg, ikkje som middel til å ale fram det «særnorske».

(Oddbjørn Bukve i Mål og Makt.)

plassen for sunt folkevit. Vi bør no kunne bli samde om ein sams norsk grammatikk, som så langt råd er, gir plass for alle dialekter i dette landet.

Vi veit td. at latinsk og germansk språk i Storbritannia kunne smelte saman til eitt språk. Det burde vere langt lettare å få til ei samansmelting av dei to skriftspråka her i landet.

(Artikkelen er opphavelig trykt i Dag og Tid.)



## Moderne norsk — eller apekatteri?

*Nedenstående godbit — med opphav Dagbladet — er brukt i høst ved Kjåsterud ungdomsskole, 10. klasse, som «supplement» til norskpensumet. Vår honnør til læreren!*

Mens nynorsk- og bokmålsfolk kjemper for sine former, dukker engelske ord og uttrykk opp på nær sagt alle områder. Pressen — og da særlig hovedstadens dagsaviser — synes å føre an når det gjelder å ta i bruk dette «moderne norsk».

La oss ta noen samples fra dette språket som er in for tiden: Live show er tidens trend i Danmarks pornoverden, leser vi. Menn som er up-tu-date bruker body-built, button down, slim fit skjorter som t.o.m. er drip dry og non iron. Body stockings og see-through er blitt mote nå. Sistnevnte skulle vel få menn ha noe imot. Mini-life er tingen om someren, forteller reklamen.

Ta med noen paperbacks på ferie og sett Dem inn i spørsmål som school drop outs, hippies, hipstern, Black Power, Flower Power, norsk know-how i EEC eller er de kanskje keen på streptease?

Naboen vår er svært bilmindet. I carporten hans står et flak av en hardtop, fastback med overdrive. Datteren hans er script girl i TV, kona er freelance i Manpower. Han selv er en selfmade mann som har gjort det bra i marketing. 60 år er han, men still going strong. Vi får en masse samples. Det er for å skape good will, selvsagt. Kona hans har nettopp kjøpt en jumpsuit. Massevis av fargerike slacks har hun — med jumpers som matcher.

Vi var invitert til garden party sist week-end. Cock-tailen ble etterfulgt av en barbecue i amerikansk style. Til drinkene var det snacks av forskjellig slag, fra peanuts og baconrinds til popcorn og curlers. Musikken ble besørgt av sønnen i huset som fungerte som discjockey. Beat, soft music, soul og jazz ble servert. Sønnen er også bilmindet. Til daglig kjører han rundt i en minicar. Her i vår fikk han med noen old boys i nabolaget på motor-cross. En kjører hadde en narrow escape i et temmelig close race.

I dag serverte kona quickfood. Det var steakburgers med potatochips. Det må tas lettvtint for kona skal på kurs i managing. Jeg tenkte å kose meg med en thriller, men fra naboen lød full musikk. Det var noen soundtracks fra en ny film som ble avspilt i påhør av flere unge popfans. Det gikk non-stop hele kvelden. Et fossil på 30 kan jo bli slått knock out og få black out av mindre.

Hvordan skal man tackle ungdommen av i dag? Jeg tar en fully-flavoured, blended, toasted, filter-tipped kingsize sigarett og prøver å slappe av, men får bare mer og mer stress. Jeg tar en titt på avisen. Call-girl-sentral avslørt i byen står det. Enda et nytt rent-a-car firma etablert. Nytt shoppingsenter åpner i morgen. Det er bilder fra splash-down selskapet for astronautene. Back stage foregikk mangt da de tapre menn var nesten lost i rommet. Topless på Danmarks strender om dagen. Kvinnen er blitt helt crazy når det gjelder moter, sier naboen. Han er forresten blitt kvitt sine fritidsproblemer. Nå er han prison visitor. Jeg er heller av den lazy typen. Liggende i hamocken i hagen med en longdrink er jeg happy.

En av mine venner er fotballfan. Han spiller five-aside med noen som har fighting spirit. Han trimmer så hardt at jeg mistenker ham for å planlegge et comeback. Noen stor goalgetter er han ikke etter hva jeg kan bedømme, men jeg vet nå nesten ikke forskjell på corner og offside.

På jobben hadde vi en go-slow aksjon i dag. Deadline for lønnsforhandlinger hadde vi satt til i går. Over callingen hørte vi at sjefen ikke hadde bøyd seg. I lunchpausen diskuterte vi lockout. Det var skremmende nyheter fra utlandet. Havnearbeiderne i England var redde for å bli arbeidsledige etter at container, drycargo, bulkcarrier og roll-on roll-off systemer hadde blitt vanlig. Det var full enighet om de drawback rasjonalisering kunne medføre. Det er teamwork som må til i dag.

Cash and carryforretninger og fancy shops dukker opp over alt. «De selger mye dumping varer», repliserte medpassasjeren på trikken. Nesten hele siste side av avisen brakte annonsen: «Også De kan ha swimming-pool i Deres hage». Vi får visstnok en indian summer i år, ifølge meteorologen, så det var kanskje noe å tenke på.

Godt at det drives forsøk med engelsk fra 3. klasse!  
(P. Martinsen.)

## Initiativet kom frå Bergen!

Nynorsk Pressekontor har intervjuet *Kjellaug Jetne*, leiaren for opposisjonen mot styrefleirtallet i Noregs Mållag under landsmøtet i Mosjøen.

— Eg legg vekt på den sosiale sida ved målsaka, seier *Kjellaug Jetne*. Det vil seia at vanlege folk i bygd og by skal få eit skriftmål som ligg så nær opp til dialekten som råd. Det må vera ein samanheng mellom talemålet og skriftmålet, slik at folk kan kjenna seg heime i det dei sjølve skriv.

Om «nynorsken som einaste riksmål i landet» seier ho: Eit slikt riksmål kan vi få til ein gong i ei fjern framtid. Men det kan ikkje vera noko snarleg løysing så lenge 80 prosent av folket nyttar bokmål. . . . For bombastiske formuleringar vil lett kunne få folk som aldri har skrive nynorsk, til dømes i Nord-Norge, til å tru at vi ønskjer å dra eit vestlandsmål nedover hovudet på dei.

*Kjellaug Jetne* er velsigna forsonlig overfor bokmålsfolk: Vi må skille mellom bokmålet og bokmålsbrukarane, seier ho. Vi må ikkje kjempe mot dei som skriv bokmål. Tvert om må vi ha mange av dei med oss.

Det er nå heilt klart kven det var som sto bak styreframlegget til programerklæring. *Kjellaug Jetne* seier: Eg har sett på kommentarane til framlegget frå prinsiprogramnemnda, og det var berre Hordaland mållag, somme lokallag i Hordaland mållag, Studentmållaget i Bergen og Norsk Målungdom som gjekk inn for «nynorsken som einaste riksmål»!

(Hadde dei enda sagt «framtidsnynorsken»! Ingen kan vel for alvor meine at nynorsken som han er i dag, er skikka til å overta funksjonen som samlande riksnormal.)

Nynorsk Pressekontor spør *Kjellaug Jetne* kva ho trur vil bli resultatet av det ordskiftet om prinsiprogrammet som nå skal komme. Eg vonar det blir eit program meir i tråd med dei verkelege språktilhøva her i landet, seier ho. Nasjonalromantiske sider ved målsaka må ikkje overspelast.

Ma.



## ENNU – i Stortinget

«Under henvisning til Deres skrivelse» og «referatet foreligger ennå ikke trykket» — ja, slik har vi sett det stå i et brev fra Stortingets kontor, det Herrens år 1975.

En av stortingsmennene har nylig tatt til orde for et mer folkelig språk i offentlige brev og trykksaker. Han bør ta en sving innom de folkevalgte kontor. Det er i samme hus.

## Efter forlydende....

*Drammens Tidende forlyster hver dag leserne sine med å sitere seg sjøl — for 100 år sia. Det er både lærerikt og artig. Her er en godbit fra i sommer. (Kan også leses som pusteøvelse!)*

Efter Forlydende ere nogle af Christiania Indvaanere, der i Sommer have besøkt Aasgaardstrands Bad, betænkte paa at opføre Sommerboliger i sammes Nærhed, i hvilken hensikt de med Eieren af den til Aasgaardstrand stødende og for sin frie og smukke Beliggenhed bekjendte Gaard Teien have truffet Overenskomst om Fæste af Byggetomter mod Søen. Dette kan være skeet baade fordi der i Badetiden lettelig vil kunne opstaa Mangel paa Husrum og fordi man han fundet det til Bebyggelse udseede Strøg (en med Strandskov bevoxet Strækning) fortrinligt skikket til Sommeropholdssted. Et gammelt Ord siger om Aasgaardstrand, at Stedet er for lidet til at leve, men for sundt til at dø i.

## AUNE MÅ LØSE „SPROG-STRID“

Skal det snakkes norsk på styremøter i utenlandske selskaper som har etablert seg her i landet? Dette spørsmål fikk kommunalminister Leif Aune i Stortingets spørretime igår, og statsråden svarte slik:

— En selvsagt forutsetning for at det skal kunne finne sted en meningsutveksling, er at man finner en løsning på de sprogproblemer som foreligger mellom medlemmene i styret. Dette innebærer at det må sørges for oversettelse fra det ene sprog til det annet, sa statsråden som varslet at han ville ta et initiativ for å få løst en aktuell «sprogstrid» i Sør-Norge Aluminium A/S.

Det var Hans Hammond Rossbach (v) som hadde reist spørsmålet, som ble tatt opp av hans partifelle Bjarne Flem i Rossbachs fravær. Utgangspunktet var problemer bl. a. i Sør-Norge Aluminium A/S.

Statsråd Aune svarte at departementet 9. april hadde hatt et møte om saken, og at man har bedt om ytterligere opplysninger. — Jeg vil ta et initiativ for å løse saken så snart de nødvendige opplysninger foreligger, sa Aune.

— Å gjennomføre et møtesprog som hindrer enkelte medlemmer fra å delta i drøftelsene og beslutningene, er etter min mening i strid med forutsetningene for aksjelovens regler, sa statsråden. (Aftenposten 24.4.75.)

Om statsråden virkelig sa «sprog» og «efter», er tvilsomt. (Red.)

## VEGEN VIDARE FOR N.M.

Ein får stundom tokke av at Noregs Mållag går i sikksakk. I 1967 fekk vi tilrådinga frå Furre-nemnda. Og den tilrådinga reknar styret for NM så viktig at det ville påleggje alle sine lag å setje seg grundig inn i ho og skipe studieringar med tilrådinga som grunnbok. «Målreising 1967» skulle vere koranen for målfolket. Og i denne koranen stod m.a.: «Tilnæringslina kan ikkje lenger kome på tale for nynorsken. — I dei siste 20 åra har bokmålet helst stivna til med sine unorske målmerke. Tilnærming frå den kanten har det ikkje vore i nemnande mon.»

Desse påstandane er beintfram usanne. Ser ein på læreboknormalen for bokmålet 1959, så ser ein at bokmålet der er så oppnorska at det har fått god norsk farge og dâm. Etter mi meining er det bokmålet som har gått lengst i tilnærming på norsk folkemåls grunn.

Furre-koranen er ikkje lenger noko heilag-skrift for nokon. Det fortente han heller ikkje. Og NM kjem attende til gamal grunn: dialektane. Nett på denne grunnen vart norsk skriftmål reist på ny. Norske dialektar er også andre stader enn på Vestlandet og i midtlandet. Ein norsk skriftnormal som skal femne om heile landet, må byggje på dei fleste norske dialektane, også dei i byane. Det er ei sann nyting å høyre ymse norske dialektar i radio — dei kan vere ulike i sumt og lell like i mangt — i den norske klangen og dâmen. Vi må få ein normal som er romsam og har nok av sideformer. Lat Austlandet få rom for sitt *glømme* og *hem* som Vestlandet for sitt *gløyma* og *heim*. Romsemd må til om vi skal samle heile folket på norsk målgrunn.

Haldor Opedal vil med ein stor pengesum binde målrørsla til gamal Aasenormal. Dersom NM vil late sin handlefridom verte bunden av slike legat og klausular, så kjem det ikkje lenger i sitt arbeid enn det har kome. Det ville heller verte attendemars i sikksakk.

(Tarald Nomeland i Dag og Tid.)

## Høgnorsklinja i ny ham

Dei siste månadene har visse grupper i målrørsla arbeidd hardt for å få gjennomført eit nytt syn på kva som er grunnlaget for målstriden. Dei hevdar at målstriden er eit uløyst nasjonalt spørsmål som skriv seg frå dansketida og at dette er hovudmotseiinga i striden også i dag. Det er dette eg vil kalle den nasjonale linja.

Dei målføra som har berga seg mest uendra gjennom dansketida, er dei beste og skal i hovudsak ligge til grunn for eit sams skriftmål i landet. Hovudmålet er at skriftspråket skal vere så norsk som råd, og om det er lett å bruke er underordna. Det er lett å sjå at eit slikt skriftmål lett kan kome til å ligge langt frå det språket som folk flest snakkar i dag.

Ola Breivega har samstundes med dette drive eit solospel når det gjeld synet på talemålsnormering. Det ville vore farleg for oss om det inntrykket fekk feste seg at dette er Noregs Mållag sitt offisielle syn. Synet hans på talemålsnormering ligg i forlenginga av den nasjonale linja, etter mitt syn er logikken klar:

Nokre dialektar har teke godt vare på det særnorske i språket og skal såleis vere grunnlaget for det nynorske skriftmålet for å få det så særnorsk som råd. I sin tur skal så dette skriftspråket påverke dei dialektene som er utskjemde av dansk. Dette er, etter det eg kan sjå, høgnorsklinja i ein ny ham.

(Peter Longva i Gula Tidend.)



## Likskjending i Noregs Mållag

SAMNORSKTANKEN har lenge stått sterkt mellom medlemmene i Noregs Mållag, om det rett nok alltid har vore ein klår opposisjon mot dette synet. I etterkrigsåra har truleg dette for mange vore utslag av ei defensiv haldning. Nynorsken ville døy likevel, det var om å gjere å berge mest mogleg av det norske ordtilfanget over i bokmålet. Men bokmålet vart ikkje nemnande norskare, snarare tvert om. Som ein konsekvens av dette sa Noregs Mållag derfor på landsmøtet sitt i Bø i Telemark i 1968 at no fekk det førebels vere stopp med tilnærminga for nynorsken sitt vedkommande.

DETTE VAR sjølsagt eit fornuftig vedtak. I 1968, like lite som i dag, var det nokon grunn til å «leggje ned» det beste og mest høvelege av dei to riksmåla våre. Men Bø-vedtaket var ingen konsesjon til dei mest ortodokse målmenne som framleis hylla prinsippet om «nynorsk som einaste riksmål i Noreg». Eit handfast vitnemål om det fekk ein på landsmøtet i Ålesund to år seinare, då Vestlandske Mållag og tilliggende herligheter tok sine hatter og skaut og gjekk.

Trudde vi.

Men det snur seg her i verda. Ein god del av dei høgnorske må ha halde seg trufaste mot landssamskipnaden. I dag, fem år seinare, har dei gamle norsk-norske fått ein alliert fylking av unge ideologar langt, langt ute på venstre politiske fløy, som i praksis har same høge hugsmål som dei gamle.

DENNE HERLEGE alliansen har nådd langt. Så langt at det i framlegget frå styret i Noregs Mållag til prinsippprogram for organisasjonen heiter: «Noregs Mållag vil arbeida fram den norske målreisningstanken — å gjere nynorsken, samnemnaren for dei norske målføra, til einaste riksmålet i Noreg.»

Tanken om nynorsken som einaste riksmål i Noreg er ein vakker tanke. Men han er død. Vi vonar derfor at landsmøtet i Noregs Mållag, som går for seg i Mosjøen i slutten av komande veka, set ein stoppar for denne likskjendinga og heller vedtar kva programnemnda til mållaget har sagt om dette: «Noregs Mållag vil arbeida fram mot eitt norsk skriftmål som byggjer på målføra i bygd og by.»

SOMME VIL kanskje hevde at de to programframlegga er identiske. Men dersom det hadde vore rett, hadde styret i Noregs Mållag knapt funne grunn til å kome med det i våre augo drastiske endringsframlegget sitt.

Vel heiter det at di meir ein krev, di meir får ein. Når Riksmålsforbundet kunne vinne såpass fram som det gjorde i dei første tju etterkrigsåra, kjem det nok ikkje minst av at dei var så høgrøysta. Men ein må ikkje ta SÅ hardt i at ein fell overende. Vel er det og så at det umogelege alltid kan skje. I Israel greidde jødefolket å atterreise det hebraiske målet frå dødt til levande. Men Noreg er ikkje Jødeland og Fredrikstad er ikkje Jaffa, Hammerfest heller ikkje Nazareth.

NO ER NYNORSKEN i høg grad levande, men berre ikkje i Fredrikstad. Kva bør målfolket gjere med det? Fortelje Fredrikstad-folket at nynorsken er best, fordi nynorsken er norsk? Eit lite slående argument, skulle vi tru. Når dansk har vore norsk lenge nok, er også dansk norsk. Derimot kunne ein med fordel seie til folket i Fredrikstad: I byen dykkar, som i størsteparten av Noreg elles, er det målet folk talar nedvurdert og underkua. Det skrivne bokmålet er ikkje dykkar mål. Vil de vere med oss i arbeidet for det målet folk talar?

MÅLET ER EIN redskap, reiskapen kan gode vere vakker, men han skal først og fremst vere praktisk. Og han skal kunne brukast av alle. Meiner ein noko anna, kan ein finne seg ein åndeleg heim og ein høveleg arbeidsstad i Riksmålsforbundet. Det målet folk talar må alltid vere utgangspunktet for korleis skriftmålet skal vere, ikkje nasjonalromantiske eller nasjonalideologiske vurderingar. Men ein norm må ein ha. Derfor trur vi at også mange av dei som i dag så framifrå talar dialektane si sak, representerer ein fare for målrørsla. Held ein ikkje fast på ein skriftnorm, vil den forvirringa som rår kring det norske målet i kanskje eit fleirtal av norske sinn berre auke, nynorsken vil drukne i eit hav av normer og bokmålet vil vinne endå sterkare autoritet.

PROBLEMET er å få folk til å sjå samanhengen, eller rettere sagt den manglande samanhengen, mellom talemål og skriftmål. Vi ser gjerne at Noreg får eitt skriftspråk, og vi ser helst at dette blir tufta på nynorsken, den visjonen blir vi gjerne med på. Det er visjonane som driv menneska framover, men ein aukar ikkje skjønsemda for norsk mål ved i 1975 å rope ut i grender og gater: «Nynorsk einaste riksmål i Noreg!» Vi øyrer ekkoet frå i-målsmennene, når dei seier at «den klassiske nynorsken er eit av dei greiaste og enklaste kulturmåla å lære i verda — og dessutan eit av dei venaste.» (At vi siterer dette tøvet, vil ikkje seie at vi har noko imot i-målet. Vi likar godt å lese det — dessutan har også det eit solid grunnlag i talemålet.) Vi kan ikkje skjone anna enn at framtidsmålet i Noreg må bli den forakta samnorsken. Ikkje eit byråkrat-samnorsk laga av firkanthjerner med ryddige skrivebord, men ein naturleg fellesnemnar for alt frå Fredrikstadspåsket til Sognamålet. Blir seiemåten norsk, slik han er det mellom folk flest både i Fredrikstad og Sogn, og slik han er det i nynorsken, er vi berga. Så får det heller våge seg om vi må skrive ein del «syndige» ord med be foran og het i enden. Folk flest snakkar nemleg ikkje fullt så nynorsk som mange målfolk gjerne vil ha det til.

SKAL EIN nå dette framtidsmålet, er det avgjerande at alle krefter blir sette inn på å fremje nynorsken i dag. Men ein skal ikkje snakke om «nynorsk som einaste riksmål i landet» når ein framleis taper skole-målsrøystingar.

(Redaktør Tor Gabrielsen i Dag og Tid.)

## „Utrolig og meningsløst”

I et intervju med Bergens Tidende 6. august gikk Trygve Bull hardt ut mot styrefleirtallet i Noregs Mållag. Dette fleirtallet gikk som kjent inn for å programfeste slagordet om «nynorsk som einaste riksmål i landet».

— Noe så meningsløst har jeg knapt hørt om før. Det er bare til å le av, sier Bull. Det er nesten utrolig at voksne folk kan få seg til å gå inn for at slike formuleringer skal vedtas. Jeg kan bare vurdere dette som et utslag av en vill nasjonalisme. Forbløffende er det også å se den alliansen som har oppstått mellom høgnorskefolk og marxist-leninister i AKP. Gamle Gustav Indrebø ville ha rotet i grava om han hadde vært klar over hva som foregår!



## Henrik Sødal og Sigmund Skard i Gula Tidend

### – Talsmenn for samnorskidear? –

I Gula Tidend nr. 5/1975, riksutgåva for Kringkastingsringen, har både Henrik Sødal og Sigmund Skard innlegg etter landsmøte i N.M. Sødal får tilsvaret i same nummer, medan Skard, som redaktøren meiner gjer seg til talsmann for reine samnorskidear, er lova svar i neste nummer. For, skriv redaktøren, «ingen er tente med å freiste å teie i hel galne tankar». Vi gir att litt av dei galne tankane til Skard her:

Tanken på samnorsk melder seg usøkt her: ei framtidig friviljug samanglidning og samanstypping av dei to mål.

No er det visseleg sant at den hovudlause riksmålsreaksjonen i dei siste ti-åra har skote slike draumar lenger inn i fratida enn vi ei stund vona på. Det er sikkert rett at samskipnaden av målfolket har lagt den saka på is så lenge.

Like fullt må ein ikkje gløyma, at svært mange gode målfolk, med mykje ulike språksyn, framleis ser ei eller anna form for samnorsk som den einaste tenkjelege utgang i språkstriden hos oss, på langt sikt. Og vi godtar som uunngåeleg at også bokmålet må bli eit emne i denne framtid-norsken, jamvel om det stundom vil gå ut over drag som vi målfolk reknar for vesentlege.

Dette synet går på ei framtid som kanskje enno ligg langt borte. Og det gjer ikkje målrørsla i dag anten uviktig eller vonlaus. Ho representerer eit mektig rettferdskrav, nasjonalt og sosialt, for storparten av det norske folket, jamvel om mange i dag ikkje sjølv forstår det. Og rørsla ber i seg den sterkaste garantien for at den samlande norske målnormen ein

gong blir så norsk som mogeleg er. Hendingar i det aller siste gir grunn til optimisme i så måte, også utanfor den organiserte målstriden. Sjølve det norske språkstoffet har synt seg å ha ei draging og ei indre makt som vi knapt hadde tenkt oss. Det er nok å minna om den rolla som den folkenorske spelar i dag i kringkasting og fjernsyn, i teater, dikting og visekunst, og reint særleg mellom dei unge. Sjølve kultursynet held på å få ei breidd som vi ikkje skulle drøymt om berre for nokre år sidan, og som ikkje kan unngå å setja merke også i bokmålet. Jamvel førarane i Riksmålsforbundet talar no om å løysa på «purismen» overfor folkemålet. Å stø denne voksteren på alle frontar og i alle former blir då oppgåva for målrørsla. Men skal ho makta det, må ho halda kreftene samla. Ho må gi rom for alle avskyggjingar av målviljen. Og dette må koma fram også i programmet for målsamskipnaden. Der må ikkje finnast formuleringar som langt frå å samla tvert imot vekkjer ny strid.

Ein av dei mest aktive målkjemparane i vår generasjon, Henrik Sødal, har nettopp tatt til orde for at Noregs Mållag no utset heile prinsippdebatten. Det skal arbeidast vidare med formuleringa fram til neste årsmøte i Rauland Men Sødal meiner at ein då skal la heile spørsmålet liggja, og i staden ta føre seg dei praktiske arbeidsførelogene som alle kan vera samde om.

Mykje kan tala for ein slik tanke. Men endå betre var det kanskje om dei to flokkane kunne nytta dette mellomåret til å arbeida seg saman i eit nytt prinsippprogram, der *alle* målfolk kan kjenna seg att. Det skulle ikkje vera umogeleg; i røynda er det ingen verkeleg motsetnad mellom dei to syn. Også det positive i tanken om eitt einaste riksmål måtte ein då kunne finna ord for, utan å nytta vendingar som må vekkja tvil også hos mange målfolk.



## Havner i samnorsken

*Fra et intervju Dagladets Plut hadde med Bergfrid Fjose 19. august sakser vi:*

— Fantastisk rot i Norges Mållag sist. Og en overbevisende demonstrasjon til den kjente påstand om at man her i Norge har tre mål: landsmål, riksmål og slagsmål.

— Framlegget til nytt prinsippprogram hadde nokre formuleringar som er velkjende i marxistisk-leninistisk terminologi. Med motsetningar mellom by og land, embetsfolk, bønder og arbeidarar. Det er om å gjera at ikkje realitetane blir tildekte, så la meg seia at eg trur nynorsken vil vinna mykje på ei lyfting av toleransenivået på alle plan.

Det var usemje om formuleringa at nynorsken skulle bli einaste riksmål i landet. Det er ikkje realistisk politikk og det strir imot mitt toleransekrav. Samstundes som eg ser verdien av å ha ein språkleg bakgrunn som du er trygg i og kjenner deg heime i. Dette har noko med heile din identitet å gjera. Eg har alltid vore takksam for min Hardanger-dialekt. Men eg må også seia at Vika-målet er praktfullt.

— Hva med nynorsk-tekstene på TV, hvor det gjelder helt sofistikerte miljøer. Et Noel Coward-stykke, der ustanselige lorder ber om at butleren skal legge fram smokingen og ha drinken klar med det samme hertugen av Blanford inntreffer i sin hvite Rolls Royce etter å ha gjennomført 18 hull i gule shantung-bukser?

— Ein kan nok sila litt betre oppe i NRK. Og eg er lei meg når nynorsken vert brukt til ting som eg ikkje kan vera med på. Grand Prix til dømes. Men det fins òg ein merkeleg tendens til å identifisera nynorsken med berre bygdemiljøet. Vikamålet til dømes har jo mykje av nynorsken i seg.

Synd at Vika-målet vart trengd bort frå Josefinegate og Oscarsgate opp til Sinsen. Hadde det ikkje hendt, hadde det vore lettare å få til eit skriftspråk med norsk grammatikk og syntaks.

— Aha, sote Bergfrid. Her havner De rett opp i samnorsken?

— Men der er ikkje eg. Det er for store konsepsjonar til begge partar.

## BOKMÅL FRÅ FJORTENHUNDRE- OG DEN TID

Frå V. Skard, Norsk litteratur gjennom tusen år, henter vi i *Sambandsbrev* (1450):

høgborne, samtyckt, langsamelighe, sambin(d)ing, fødd, fødde, innfødde

og i *Hamarkrønika*:

bygt, hørde, tilhørde, førde, solde, sende, tøchte, fructhauge, vrtehauge.

*Absalon Pederson Beyer* 1567 (Om Norigs rige) skreiv slik:

fødd, høg(e), førde, saag, laag, ein, eit, spurde, miste

— mist.

*Peder Clausson Friis* (1545—1614):

opbygde, drug.

Tilslutt *Petter Dass* (1647—1707):

lius (dvs. ljus), sol-, hun (dvs. at sol er hokjønnsord).

*H. Nygaard.*

## Skrift og tale

Nynorsken er samnemnar for målføra våre. Men i alle målføra er det ting som ikkje har rom i skriftnormalen. Ei avgrensing må det her vere, men ein må akte seg for å gjere gjerdet så høgt at det blir tungt å kome over.

Det gjeld t.d. bruken av ord med framandt opphav, som har kome inn i talemålet dei fleste stader. Det er ikkje purisme å seie nei til ord som ville skade skriftmålet vårt. Men ein må akte seg for å gjere avstanden frå daglegtale til skrift for stor. Oppgåva er å finne ein rimeleg balanse, som alle kan vere tente med. (Norsk Tidend.)

## Målfolkets overmot

Den kraftige tilbakegangen for nynorsken har stoppet opp de siste åra. Som opplæringsmål i skolen holder nynorsken nå stand, og i både radio, fjernsyn og andre massemedia er posisjonene blitt styrka. Det har også vært økende politisk velvilje når det gjelder målfolkets rettferdige krav om lærebøker på nynorsk til samme tid og samme pris.

Det er mulig at disse framgangene har gjort målfolket overmodig. Kravet om «nynorsken einaste riksmål i landet» virker med respekt å melde noe høystemt. Undringen blir ikke mindre når Noregs Mållags styre nå i prinsippprogrammet vil erklære bokmålet full krig. Mållaget kan vanskeleg regne med å bli tatt alvorleg når det hevder at det støtter arbeidet med å fornorske bokmålet, men samtidig hevder at det er dansk og aldri kan bli noe annet.

Uansett om det er Stalin eller Aasen som brukes som ideologisk rettesnor, kan målfolket på nytt være på veg inn i et frivillig eksil i ørkesløshetens tåkeheim. (Dagbladet.)

## Svin og gris!

— Det er noe annet i høst. Jeg har nevnt H. C. Andersen?

— Så vidt.

— Jeg mener i forbindelse med Gyldendal. Jeg spiller inn noen kassetter for dem. Det er visst til skolebruk. Med tegninger av Bjørn Wiinblad. Praktfulle tegninger. Og to eventyr da. Den grimme Elling. Og Svinedrengen. Jeg har insistert på å beholde den danske tittel. Grisegutten låter noe tvilsomt.

(Per Aabel, i intervju med Dagbladet.)



Siste nytt:

# „Samnorsktanken er ikke død“

Under overskrifta «samnorsktanken er ikke død» og «sprogstriden tilspisses» hadde Morgenbladet nylig et intervju med riksmålsformann Knut Wigert. Vi sakser noe av det her. Som en vil se, er det ikke Riksmålsforbundet som har uttalt seg, men et landsdelsmøte. Det er vesentlig delte meninger innen forbundet om hvor hardt representantene bør kjøre i Språkrådet, og om de i tilfelle bør trekke seg tilbake i isolasjon. Vi får si med Egil Skallagrimson annen plass her i bladet: «Leitt er valet . . .»

Men vår medynk har de ikke. Vi husker for tydelig fru Øverlands ord i «Ordet» nr. 5/1970: «Den ulne formulering om støtte til de naturlige tilnærmingstendenser på langt sikt, behøver ingen å ta alvorlig.»

De i Språkrådet som ser seg om i dagens norske språksamfunn, og er klar over den utstrakte retting som foregår i mange aviser (i Tønsbergs Blad må jamvel arbeiderpartifolk — ja, *alle* — finne seg i «nu» og «etter»), de bør ta mandatet alvorlig.

Og her kommer klippet:

Norsk Språkråd kan bli sprengt før jul hvis ikke tradisjonelle riksmålsformer blir innlemmet i den offisielle rettskrivning. Riksmålsfløyen sitter som gisler, og vi blir nedstemt gang på gang, sier forbundets formann, Knut Wigert, til Morgenbladet.

— Vi må få visshet for at sprogrådet endelig vil følge sitt mandat om gjensidig respekt mellom sproggruppene. Hvis dette ikke bedrer seg innen kort tid, vil forbundet be riksmålsrepresentantene trekke seg tilbake fra rådet.

Et ensstemmig landsdelsmøte i Kragerø vedtok i helgen å stille dette ultimatum overfor Norsk Språkråd og Kirke- og Undervisningsdepartementet.

— Riksmålsforbundets organer lot seg representere i Norsk Språkråd under forutsetning av at Vogt-komiteéns innstilling ble fulgt. Men vi er sørgelig skuffet, sier Wigert.

— Riksmålsorganisasjonene har latt seg representere i Norsk Språkråd for å delta i arbeidet med en ny rettskrivning for bokmålet under den forutsetning at gangbare og tradisjonelle riksmålsformer igjen skulle bli tillatt i rettskrivningen. Etter flere års arbeid er det imidlertid helt klart at nynorskseksjonen i Norsk Språkråd, i samarbeide med samnorskrepresentanter og radikale bokmålfolk, overhodet ikke vil tillate at riksmålsbevegelsens synspunkter vil bli tatt alvorlig.

— En annen grunn til at vi ser pessimistisk på samarbeide i rådet, er det krav som ble reist på siste landsmøte i Noregs Mållag. Man programfestet kravet om «nynorsken som einaste riksmål i landet». Dette er brudd på kravet om gjensidig respekt mellom sproggruppene, som ikke vil bli tolerert av flertallet av det norske folk, sier Knut Wigert.

FRIDA  
ANDREASSEN ETTF.

SKEI — SURNADAL

★  
Kolonial — Kortevarer — Manufaktur



## LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Postboks 636, Sentrum Oslo 1.  
Medlemspenger, kr. 20,— pr. år.  
Postgiro 16 378.

Formann:

Ivar Hundvin

Peter Kolstads vei 15, 3000 DRAMMEN

### AV INNHOLDET:

Landsmøte 12. oktober .....	s. 1
Vegen til Mosjøen, av J. Skauge .....	s. 1
Leif Roksvund: Vær glad i talemålet .....	s. 2
Ved landsmøte-tid (leiar) .....	s. 3
Rekneskap .....	s. 3

Lektor Trygve Bulls forslag til Språkrådet .....	s. 7
Ola Breivegen: Felles skriftspråk? .....	s. 8
Initiativet kom frå Bergen .....	s. 10
Likskjending i Noregs Mållag (klipp) .....	s. 12
H. Sødal og S. Skard i Gula Tidend (klipp) .....	s. 13
«Havner i samnorsken» (klipp) .....	s. 14
Siste nytt: Samnorsktanken er ikke død! ....	s. 15

## Jarnfiskelvi

Det låg ein gong ein knaus her  
solvend ut mot sjøen,  
ein urgammal skalle  
uskadd gjennom aldrar.

Her var eit sjøleikt svaberg  
og solheller å sitje på.  
Her var småkrullar av lauvkratt  
og ei plaskestrånd for ungar.

Og bak dette fredland var enn eit under:  
ein åkerlapp der mat kunne vekse.

Men knausen låg i vegen  
for her skulle jarnfiskelvi fram.

Så ein dag kom formenn for framsteget.  
Dei såg berre stein som stengde  
og knausen vart dømd,  
skulle knusast til masse.

Etter dei kom maskinane.  
Skrikande med kvasse kvin  
krak dei som svære insekt på knausen

og stakk med sterke stålsnablar.

Knausen låg der enno,  
men var farleg for folkefot.  
Det urgamle grjot var gjennomhola  
av gangar fylte med gift.

Så vart signalet gjeve.  
Knausen berre lyfte seg med døyvt brak  
og sokk i hop som eit slege dyr,  
sprengd og broten til livlaus masse.

Det vesle fredlandet var herja  
og endra for alltid og ukjenneleg.

Men no renn storelvi stri over brei botn  
med stimar av jarnfisk i ustandeleg jag.

Det er ei elv som stendig dreg og durar.  
Ho stilnar aldri av mot haust  
og kvitnar sjeldan til av snø,  
der fisken står i stille hølar.

Nei, denne her går skurande og stri  
og skolar svart mot sine strender.  
Og fisken her har aldri ro,  
men stimar støtt med tende ljøs i mørkret.

Lars Stølen.